



# GODE SAMANHENGAR OG OVERGANGAR

FOR BARN I BARNEHAGEN OG  
ELEVAR I GRUNNSKULEN I KLEPP



KLEPP KOMMUNE  
ETAT FOR SKULE OG BARNEHAGE

# GODE SAMANHENGAR OG OVERGANGAR

## FOR BARN I BARNEHAGEN OG ELEVAR I GRUNNSKULEN I KLEPP



*Siktemålet med desse føringane er å styrkja samanhengen i opplæringa for barn og unge i Klepp kommune. Ein god samanheng inneber at barn og unge opplever kontinuitet og progresjon i læringsinnhaldet og at dei opplever å meistra overgangane mellom ulike opplæringsinstitusjonar.*

*Klepp kommune laga føringar for overgangane første gong i 2004. Desse blei reviderte i 2007. Dette er tredje utgåve. Denne utgåva legg større vekt på å sikra samanhengane i læringsforløpet, sjølv om føringane framleis omfattar tiltak for å sikra tryggleik, trivsel og meistring kring overgangane.*

*Måla med planen er dermed å*

- *sikra samanheng og heilskap i læringsinnhaldet til barn/unge, både fagleg og sosialt.*
- *sikra at barn/unge opplever overgangar som spanande, utviklande, trygge og prega av meistring*
- *sikra informasjonsflyt mellom tilsette og mellom tilsette og foreldra ved overgangane*
- *sikra gode møteplassar mellom tilsette for å få til kompetanse og kultur som støttar intensjonane ovanfor*

*Forventningar om samarbeid er klart formulerte både i Rammeplan for barnehagar og læreplanverket for grunnopplæringa. Tilsette i Klepp kommune har også vore sentrale i arbeidet med å laga den nasjonale rettleiinga om samanhengar og overgangar, «Frå eldst til yngst».*

*Foreldra har hovudansvaret for barnet si opplæring. Det ansvaret kan dei ikkje ha utan å vera involverte og engasjerte i informasjonsoverlevering, forventningsavklaringar og praktisk oppfølging.*

*Denne planen byggjer dermed både på eit omfattande forarbeid og på fleire års erfaringar. Planen er forpliktande.*

*Vi rår sterkt til at også private barnehagar følgjer planen.*

*Vi ønskjer lykke til med samarbeidet!*

*Klepp kommune, 21.03.2012*



**Desse føringane gjeld for arbeidet med å sikra gode samanhengar og gode overgangar i Klepp:**

- Barn og ungdom skal oppleva at det dei kan og har erfart, blir brukt vidare for å sikra ei tilpassa opplæring og eit best mogleg læringsutbytte.
- Mottakande instans har hovudansvaret for å ta initiativ og setja i verk tiltak.
- Foreldra er, så langt råd er, med på informasjons- og overføringsmøta ved alle overgangane. Det skal vera innhenta samtykkje frå dei føresette om overføring av informasjon ved overgangen frå barnehage til skule.
- Leiinga har ansvaret for at barn/ungdom opplever samanheng og god overgang, men det praktiske arbeidet kan delegerast.



# FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE



## SAMANHENG

- Barnet skal oppleva ein trygg og god skulestart, inkludert ein god start i skulefritidsordninga.
- Sikra best mogleg meistring for kvart barn gjennom progresjon og kontinuitet frå barnehagen til skulen.



## INFORMASJON

- Tilsette skal overføra informasjon til beste for barnet, i samspel med, og etter løyve frå, foreldra. Skjemaet "Alle med" bør formidlast til skulen, om foreldra godkjenner dette.
- Tilsette må overføra informasjon om planar og innhald for å sikra kontinuiteten og progresjonen.
- Kvart barn skal ha med seg ei mappe med definert innhald frå barnehagen over i skulen. Barnet skal medverka i informasjonsoverføringa.



## MØTEPLASSAR

- Foreldre skal få tilbod om å delta i informasjonsoverleveringa kring barnet sitt sammen med pedagogisk leiar og kontaktlærar.
- Skulen skal arrangera, felles for og i samarbeid med aktuelle barnehagar, foreldre-møte om skulestart for 5-åringane.
- Kvar barnehage skal møta mottakande skular for å utveksla pedagogiske planar, forventningar og samarbeidsformer.
- Pedagogiske leiarar og lærarane på første trinn skal ha årlege felles, kommunale samlingar for å utvikla heilskap og samanheng.
- Hospitering frå barnehage til skule og omvendt vurderast kvart år.

## ÅRSHJUL

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
August	Kartleggja kor mange born frå ulike barnehagar som skal ta til på dei ulike skulane. Senda oversikt til skulane.	Styrar
September	Foreldremøte for dei som har barn som skal byrja på skulen neste haust – om forventningar, innhald og opplegg for det siste barnehageåret og om samarbeid med skulen. Skulen presenterer korleis foreldra kan førebu til skulestart.	Styrar (evnt fleire barnehagar i lag)
Oktober	Møte mellom tilsette i skulen og barnehagen. Gjensidig utveksling av planar, arbeidsformer og forventningar kring tilbodet til 5-åringane, for å sikra kontinuitet og prosjeksjon. Læringssløyfa: erfaringar med sist års samarbeid og kva barna meistrar eller ikkje. Avgjera korleis barna kan besøka skulen gjennom året. Drøfta og evnt planleggja hospitering. Laga krinsvis oppsett for samarbeidet i året som kjem.	Rektor
Frå november Innan januar	Møte for å drøfta barn som kan trengja spesiell stimulering og oppfølging det siste halvåret før skulestart og vidare inn i skulen. (Hugs samtykke frå foreldra). PPT skal delta.	Rektor
Februar	Informasjonsmøte med nye foreldre om skulen, SFO og andre hjelpeinstansar. Representantar frå PPT, helsestasjon og barnevern bør delta, om nødvendig også tolk.	Rektor
April/mai	SFO-leiar sender oversyn til barnehagane over barn som skal gå i SFO.	SFO-leiar
Mai	Besøksdag på skule og SFO for 6-åringane og føresette. Eige opplegg for SFO med overlevering av «Skattekista».	Rektor/SFO-leiar
Mai	Overføringsmøte i barnehagen med kontaktlærarane på 1. årssteg. Barna presenterer seg og mappa si. Føresette vert inviterte til å delta. I særlege tilfelle kan overføringsmøtet vera på skulen og gjennomførast i gruppe.	Rektor
Mai	Siste foreldresamtale i barnehagen. Kontaktlærar kan delta.	Ped. leiar
August/sept	Foreldresamtale med kontaktlærar på 1. årssteg. Oppstartsamtale.	Kontaktlærar

# FRÅ BARNESKULE TIL UNGDOMSSKULE



## SAMANHENG

- Eleven skal oppleva å få ein trygg og sosialt god start på ungdomsskulen.
- Tilsette skal sikra kontinuitet og progresjon for å skapa eit optimalt læringsutbytte for den enkelte eleven.
- Eleven skal oppleva at læringsformer og læringsstrategiar blir vidareførte i ungdomsskulen.
- Både barne- og ungdomsskulane skal utveksla erfaringar som kan betra kvalitet og læringsresultat for elevane.



## INFORMASJON

- Tilsette skal overføra informasjon til beste for – og i samspel med – eleven.
- Foreldra skal informerast og involverast i eleven sin overgang frå 7. til 8. steg.
- Tilsette skal utveksla informasjon om planar, innhald og vurderingsformer for å sikra kontinuiteten og progresjonen frå barneskulen og vidare inn i ungdomsskulen.
- Kvar elev skal ha med seg ei mappe med definert innhald til ungdomsskulen.
- Lærarane på ungdomssteget skal
  - kjenna til og bruka dei læringsstrategiane elevane har lært på barneskulen
  - kjenna til elevane sine resultat frå barneskulen
  - kjenna til korleis eleven meistrar dei grunnleggjande ferdighetene
- Lærarane på barnesteget skal få tilbakemelding om læringsresultata på ungdomssteget (læringssløyfa).



## MØTEPLASSAR

- Elevane skal vera godt kjende med ungdomsskulen før dei startar.
- Ungdomsskulane skal arrangera møte for elevar og foreldre med fokus på forventningar til elev si læring og trivsel på ungdomsskulen.
- Kvar ungdomskule skal møta barneskulane for å utveksla og drøfta pedagogiske planar, læringsresultat, læringsmiljø, arbeidsmåtar og samarbeidsformer.
- Hospitering skal årleg skje frå barnesteg til ungdomssteg - og omvendt.

## ÅRSHJUL

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
November/januar	<p>Rektorane og lærarane på 7. steget og aktuelle lærar på ungdomsseget</p> <p>a) gjev kvarandre informasjon om pedagogiske planar, læringsresultat/nasjonale prøver, læringsmiljø, arbeidsmåtar/ læringsstrategiar og samarbeidsformer for å sikra kontinuitet og progresjon.</p> <p>b) utvekslar erfaringar; korleis har det gått sosialt og fagleg med elevane som byrja på ungdomsskulen sist år? Læringssløyfa; Noko å læra? Erfaringar? Planlegging av evnt hospitering dette året. Referat til alle involverte.</p>	Rektor ungdomsskulen
Mars	Informasjonsmøte på ungdomsskulen for elevar og foreldra på 7. steg. Informasjon om overgangen, opplegg, forventningar, framandspråk, valfag og innhald elles på ungdomsseget, etc. Tolk kan vera aktuelt å ha med.	Rektor ungdomsskulen
April/mai	Skulebesøk for å bli kjent med ungdomsskulen.	Rektor barneskulen
April/mai	Kontaktlærarane 7. steget og rektor på ungdomsskulen har dialog om klassedeling.	Rektor ungdomsskulen
Mai/juni	Lærarane har samrådingsmøte for å utveksla informasjon om den einskilde eleven.	Kontaktlærar
August	Elevane får presentera seg sjølve gjennom mappa.	

# FRÅ GRUNNSKULE TIL VIDAREGÅANDE OPPLÆRING



## SAMANHENG

- Eleven skal få hjelp til å gjera gjennomtenkte val som gjeld vidaregåande opplæring, slik at utdanning og yrkesval kan skje i samsvar med eigne ønske og føresetnader.
- Eleven skal oppleva å få ein trygg og sosialt god start på vidaregåande opplæring.
- Lærarane og leiarane skal, så langt råd er, sikra kontinuitet og progresjon mellom ungdomsskulen og vidaregåande opplæring.



## INFORMASJON

- Den einskilde eleven skal sjølv kunna presentera seg for lærarar og medelevar i den vidaregåande skulen.
- Foreldra skal vera involverte i overgangen til vidaregåande opplæring. Dei skal vera informerte gjennom konferansetimar, klasseforeldremøte etc.
- Lærarane i vidaregåande opplæring skal kunna kjenna til elevane sine læringsresultat og korleis elevane meistrar dei grunnleggjande ferdighetene.
- Rådgjevarar og leiarar på ungdomsseget skal få tilbakemelding om gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.



## MØTEPlassAR

- Elevane skal vera godt kjende med val og retningar innan vidaregåande opplæring lenge før dei startar. Dei skal vera på vidaregåande skular og delta i opplæringa.
- Foreldra skal møta den vidaregåande opplæringa. Dei skal bli presenterte forventningar til eigne bidra for å kunna støtta elev sine val, eleven si læring og eleven sin start i vidaregåande.
- Leiarane i skuleslaga skal møtast for å utveksla og drøfta pedagogiske planar, læringsresultat, læringsmiljø, arbeidsmåtar og samarbeidsformer.
- Det skal leggjast til rette for at lærarar på ungdomsseget kan hospitera i vidaregåande, og gjerne vice versa.

**ÅRSHJUL**  
10. trinnet

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
September	Informasjon til elevar om årsplan/UTV	Rådgjevar
September - oktober	Foreldremøte om vidaregåande skule (muligheter og rettar)	Rektor / rådgjevar
September (start)	Karrieresamtaler	Kontaktlærar/ rådgjevar
Oktober - januar	Utdanningsval (start) m/ hospitering i vgs Ope hus på dei vidaregåande skulane Delta på yrkesmesse	Vgs./rådgjevar
Januar – februar	Karrieresamtaler (framhald) også med foreldra	Rådgjevar
Januar	Søknadsprosess-/prosedyre på «vigo»	Rådgjevar
Januar - februar	Få tilbakemelding om evnt fråfall sist år og drøfta tiltak/konsekvensar. (Læringssløyfa).	Rektor
Januar	Kontaktmøte med vgo om elevar med særlege behov (med PPT kommunalt og frå fylkeskommunen)	Rådgjevar, sos. lærar og kontaktlærar
Februar (1.)	Søknadsfrist – særskild grunnlag	Rådgjevar
Februar - mars	Foreldre-elev-samtale	Kontaktlærar/ rådgjevar
Mars (1.)	Søknadsfrist vgo	Rådgjevar
Mai	Informasjon om svar/forehandsvar på søknad m.m.	Kontaktlærar

# BARN OG UNGE MED BEHOV FOR SPESIALPEDAGOGISK HJELP / SPESIALUNDERVISNING

Føringane her kjem i tillegg til – og ikkje i staden for – det som er nemnt i andre delar.

## SAMANHENG

- Barn og unge med behov for særskild tilrettelegging skal erfara ein trygg, planlagt og tilrettelagt oppstart i barnehagen/skulen.
- Barn og unge med behov for særskild tilrettelegging skal oppleva samanheng i läringssinnhald og arbeidsmåtar frå barnehage til skule.
- Tilsette skal ha best mogleg informasjon om barnet/ungdommen slik at opplæringa kan bli individuelt tilpassa. Foreldra skal delta i informasjonsoverleveringa.

## INFORMASJON

- Det skal utvekslast tidleg og grundig informasjon til beste for barnet/elev, for å sikra ressursbehov og praktisk tilrettelegging.
- Foreldra skal involverast i informasjonsutvekslinga.
- Informasjon om planar og innhald skal vera for å sikra kontinuitet og prosesjon.
- Kvart barn/ elev skal ha med seg ei mappe med definert innhald.
- IOP/halvårsrapportar blir overførte til ny skule.

## MØTEPLASSAR

- Barnet/elev skal vera kjend med barnehagen/skulen før dei startar.
- Foreldre skal tidleg involverast for å drøfta tilbod, tilrettelegging og forventningar.
- Tilsette skal sikra kartlegging/sakkyndig vurdering av barn/unge iflg oppl. I § 5-1 og § 5-7 og utveksla tiltak.
- Tilsette som skal stå for tilboden skal utveksla og drøfta pedagogiske planar, føresetnader, meistring, læringsmiljø, arbeidsmåtar og samarbeidsformer.
- Det tverretatlege samarbeidet skal sikra informasjonsflyt, kontinuitet og meistring kring eleven.
- Har barnet/eleven spesialpedagog/miljøterapeut/assistent i bhg/skule, bør det vurderast om vedkomande skal følgja med barnet/eleven over til ny arena t.d. i oppstartsperioden.

## ÅRSHJUL

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
Hausten, året før overgang	For barn/elevar med behov for særskild tilrettelegging, er det viktig at instansen som tek imot vert involvert så tidleg som mogleg.  Ny instans deltar på ansvarsgruppemøte som er etablert for barn/elev med særskilde behov.	Avleverande instans  Styrar/rektor
Desember/januar	Avklaringsmøte med skuleleiing, spes.ped. team og PPT. Planleggja tiltak for elevar med behov for særskild tilrettelegging/spesialundervisning.	Rektor
Januar	Overføringsmøte for barn/elev, der føresette, mottakande og avleverande instans og aktuell(e) hjelpeinstans(ar) deltek.	Mottakande rektor
Innan 1. mars	For barn/elev som har enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, skriv PPT ny sak-kunnig vurdering om behov for spesialundervisning etter § 5.1. Oppdatering av eventuelle fagrapporatar for elevar som har særskilde behov.	PPT
Våren	Dei formelle enkeltvedtaka blir utførte.	Rektor
April	Minst ein førskulelærar/lærar er klar for å førebu mot-taket av nye barn/elevar.	Styrar/rektor
Oktober/november etter oppstart	Møte med avgjevande og mottakande instans saman med foreldra. Læringssløyfa: Fungerer tilbodet som forventa? Kva kan/bør justerast? Noko å læra?	Rektor

# BARN OG ELEVAR MED FLEIRSPRÅKLEG BAKGRUNN



## SAMANHENG

- Barn/unge med behov for særskild språkopplæring (etter § 2-8) skal forstå kva som skjer kring overgangane og oppleva forståeleg samanheng og progresjon. Det skal også foreldra deira.
- Planar med læringsmål, innhald og arbeidsmåtar skal overleverast mottakande instans.



## INFORMASJON

- Det skal utvekslast tidleg og grundig informasjon om barnet/elevens sin fleirspråklege kompetanse, for å sikra ressursbehov, språkleg tilrettelegging og meistring.
- Tilsette skal ha best mogleg informasjon om barnet og eleven sin språklige kompetanse, inkl. norskkompetanse, slik at opplæringa kan bli individuelt tilpassa.
- Foreldra skal delta i forståeleg informasjonsoverleveringa. Tolk skal brukast ved behov.
- Barnets språkbiografi med nærmere beskriving om barnet sin fleirspråklege kompetanse skal følgja med i «Mappa mi» over til skulen. Anna norskartlegging skal også følgje med. Slike materiell skap og følgja med ved overgang til ungdomsskulen.



## MØTEPlassAR

- Barnet/elevens skal vera godt kjend med skulen før oppstart.
- Foreldra og barn får tilbod om å møta pedagogisk leiar og kontaktlærar. Tolk blir brukt ved behov. Tolk bør brukast også ved foreldremøte om skulestart for 5-åringane.
- Tilsette i avgjevande barnehage/skule må møta tilsette ved mottakande skule for å utveksla og drøfte pedagogiske planar, forventningar, barnets fleirspråklege kompetanse/norskkompetanse og eventuell språkleg tilrettelegging.

## ÅRSHJUL

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
August	Barnehagane sender oversikt til skulane over barn med fleir-språkleg bakgrunn. Tilsvarande sender Barneskulane oversyn til ungdomsskulane.	Styrar, evnt rektor
September	Foreldremøte for dei som har born som skal byrja på skulen neste haust. Forstääeleg forventningsavklaring kring mål, innhald og opplegg for det siste barnehageåret. Skulen presenterer korleis foreldre kan førebu til skulestart. Hugs tolk.	Styrar
Oktober	Møte mellom tilsette i skulen og barnehagen. Gjensidig utveksling av planar, arbeidsformer og forventningar kring tilbodet til 5-åringane. Læringssløya; erfaringar med sist års samarbeid og kva borna meistrar eller ikkje. Avgjera korleis borna kan besøka skulen gjennom året. Planleggja hospitering. Laga krinsvis oppsett for samarbeid i året som kjem.	Rektor.
Januar	Møte for å informera om barn som har behov for særskild språkoppplæring, § 2-8, når dei startar på skulen eller elevar som har slik opplæring og skal starte på ungdomsskulen. Norsk Kartlegging skal følgje med. Drøfta behov for språkleg støtte og tilrettelegging.	Styrar/rektor
Februar	Informasjonsmøte med nye foreldre om skulen, SFO og andre hjelpeinstansar. Representantar frå PPT, helsestasjon og barnevvern bør evnt delta. Tolk og flyktingkonsulent deltek ved behov.	Rektor.
Februar	Eige foreldremøte med foreldre med tolkebehov. (gjerne som eit formøte til det ordinære foreldremøtet. Info om skulen, SFO, RLE-fritak, målform etc	Rektor
Mai	Besøksdag på skule og SFO for 6-åringane og føresette.	Rektor
Mai	Overføringsmøte i barnehagen med kontaktlærarane på 1. årssteg. Foreldra vert inviterte til å delta. Barna presenterer seg, mappa si. Utveksling av «Barnets språkbiografi».	Rektor
Mai/juni	Siste foreldresamtale i barnehagen. Kontaktlærar kan vera med.	Ped.leiar
Våren	Gjera enkeltvedtak for barn/unge med rett til særskilt språkkopp-læring.	Rektor
August/ september	Foreldresamtale med kontaktlærar på 1. årssteg. Oppstartsamtale. Hugs tolk.	Kontaktlærar.

## **VEDLEGG 1:**

Til foreldra/føresette

### **SAMTYKKE TIL OVERLEVERING AV INFORMASJON**

Ei samtykke-erklæring er ei stadfesting på at de som foreldre/føresette gjev barnehagen løyve til å overføra informasjon om barnet dykkar til skulen.

Informasjonen tek utgangspunkt dokumentasjonen i barnet si mappe og skal gje eit positivt og oppriktig inntrykk av barnet.

Det er barnehagen sitt ansvar å sjå til at opplysninga som blir gjeve har relevans og er til beste for barnet.

Føremålet med å gje informasjon til skulen er å sikra samanhengen i læringa og utviklinga til barnet, leggja til rette for at skulen kan sikra ei best mogleg tilpassa opplæring og å skapa tryggleik for barnet kring skulestart og eventuelt tilbod i skulefritidsordninga.

Overføringa av informasjon skal skje gjennom samtale med den personen som skal overta opplæringsansvaret i skulen, barnet sjølve og den som har ansvar for barnet i barnehagen.

Dersom de som foreldre har ønske om å vera med på samtalen, set vi pris på det. I så fall er det berre å gje beskjed. Like eins er det høve til å reservera seg mot overføring av informasjon om barnet til skulen.

Med helsing frå styraren ixxxxxxxxxx barnehage

Svarslepp -----

- Eg/vi gjev samtykke til at barnehagen overfører informasjon om barnet vårt til skulen.
- Eg/vi gjev ikkje samtykke til at barnehagen overfører informasjon om barnet vårt til skulen.

Merknad:

---

---

underskrift frå foreldre/føresette

## **VEDLEGG 2:**



**KLEPP KOMMUNE  
ETAT FOR SKULE OG BARNEHAGE**

### **Mal – informasjon frå barnehage til skule**

Kvart barn skal ha med seg ei mappe til skulen.


#### **Mappa skal innehalda:**

1. Barnet si eigen presentasjon av seg sjølv.  
(Felles mal skal brukast. Sjå vedlegg 3)
  2. MI –profil som viser barnets sterke sider. Bruk skjema eller sirkel.
  3. To teikningar eller andre viktige ting som barnet vel ut.
  4. Nokre få bilete frå noko dei har byggja/laga eller frå fellesopplevingar.
  5. Sosial og fagleg kompetanse: (Samarbeid, sjølvheving, sjølvkontroll og empati. Meistring innan språk og matematikk).
  6. For fleirspråklege barn: ”Barnet sin språkbiografi”
- 
- Mappa skal leverast til skulen innan 20. juni.  
Omfang/volum bør bera avgrensa.
  - Den skriftlege informasjonen om skal støtta – ikkje erstatta – den munnlege.

### **VEDLEGG 3:**

**Skjema til bruk i Klepp kommune ved overgang barnehage –skule.  
til bruk også for eleven sin eigen presentasjon ved start i 1. klasse.**

Frå: \_\_\_\_\_ barnehage



Til: \_\_\_\_\_ skule

• Namn på barnet: \_\_\_\_\_ Bilete av barnet

• Født: \_\_\_\_\_

• Adresse: \_\_\_\_\_

• Foreldre/føresette:

Mor: \_\_\_\_\_ Morsmål: \_\_\_\_\_

Far: \_\_\_\_\_ Morsmål: \_\_\_\_\_

• Sysken: \_\_\_\_\_

• Venner: \_\_\_\_\_

• Dette vil eg at skulen skal vita om meg:  
\_\_\_\_\_

• Dette tenkjer eg om å begynna på skulen:  
\_\_\_\_\_

• Dette likar eg godt – og/eller er interessert i:  
\_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_ Foreldre/føresette: \_\_\_\_\_

Ped.leiar: \_\_\_\_\_

## **VEDLEGG 4:**



**KLEPP KOMMUNE  
ETAT FOR SKULE OG BARNEHAGE**

### **Mal – informasjon fra barneskule til ungdomsskule**

Kvar elev skal ha med seg ei mappe til ungdomsskulen.

#### **Mappa skal innehalda:**

1. Eleven sin presentasjon av seg sjølv.  
(Felles mal skal brukast. Sjå vedlegg 5)
  2. MI –profil
  3. Tilbakemelding på læringsresultat i basisfag.  
(Felles mal skal brukast. Sjå vedlegg 6).
  4. Eleven vel sjølv ut to produkt frå mappa, som han/ho vil ha med seg vidare.
- 
- Dette skal leverast til ungdomsskulen i ei plastmappe eller liknande på overføringsmøtet i mai/juni.
  - Elevane får ny perm (digital mappe) på ungdomsskulen.
  - På ungdomsskulen får elevane presentera seg sjølve gjennom mappa.  
Tid: aug/sept. (Jfr. plan for samanhengane/overgangane)

## **VEDLEGG 5:**

### Elevpresentasjon til ungdomsskulen

Namn: \_\_\_\_\_

Føresette: \_\_\_\_\_

Sysken: \_\_\_\_\_

Gode venner: \_\_\_\_\_

Dette likar eg å gjera på fritida:

---

Dette likar eg å gjera på skulen:

---

Læringsstrategiar/måtar eg likar å arbeide på:

---

Vurdering av mi eiga sosiale kompetanse (samarbeid, sjølvhevdning og sjølvkontroll):

---

Mine lekserutinar:

---

Mine forventningar og tankar om ungdomsskulen:

---

Mine framtidsplanar:

---

Dette er eg stolt av:

---

**VEDLEGG 6:**

Informasjon om eleven sine læringsresultat i basisfaga  
(Lærar og elev fyllar ut saman. Foreldra skal vera orienterte.)

Norsk	
Lesing	1. Leselos-profil.
Skriftleg	1. Ortografi/rettskriving.
	2. Innhold/ skriftleg framstilling.

Matematikk	
	Resultat – t.d. frå M7.

Engelsk	
Munnleg:	
Skriftleg:	